

Notat

Til: Meland kommune – Kontrollutvalet

frå: økonomisjef Per Inge Olsen

Dato: 9. april 2015

Vedr:

Kommentar til punkter påpeika av revisor i revisjonsrapport nr 12 datert 07.04.2015.

1. Generelt vedr. økonomiavdelinga sitt arbeid i 2014

2014 har vært eit særskilt krevjande år for økonomiavdelinga i Meland kommune.

Etter at vår lønsmedarbeidar slutta i november 2013 valde vi å inngå avtale med Lindås kommune om samarbeid om lønskøyning. Etter ein del fram og tilbake i dette sa Lindås opp avtalen med verknad frå 1. august 2014. Vi tilsette så ny lønsmedarbeidar, og tok tilbake lønsarbeidet. Desse endringane knytt til løn medførte mykje ekstraarbeid på den resterande bemanninga ved økonomikontoret, og vi har måtte skyve på ein god del anna arbeid som var planlagt å gjennomføre i løpet av 2014. I tillegg fekk vi ein momsrevisjon frå Skatt Vest i mars 2014 som vi har brukt mykje tid på å følgje opp i etterkant, særleg forhold knytt til kommunale bustader.

Økonomikontoret har strevd med å takle desse ekstra utfordringane som vi fekk i 2014 innanfor dei ressursane vi har hatt til rådvelde. Det har vore jobba mykje overtid for å komme ajour, men ikkje nok, og vi står difor att med nokre uavklarte saker som revisor påpeiker i sin revisjonsrapport.

Midt i februar 2015 slutta så enda ein medarbeidar av private årsaker, og vi har difor vært ein person mindre enn normalt i årsoppgjeret for 2014. Dette har hatt negativ innverknad på vår evne til å gjennomføre årsoppgjøret innan planlagde tidsfristar. Ny medarbeidar starta hjå oss i slutten av mars, men treng opplæring i system og rutinar for å kunne bidra i det endringsarbeidet som må til framover.

Økonomikontoret har satt i gang arbeidet med nye rutinar innan økonomisk internkontroll. Kommunen er med i eit internkontrollnettverk som KS har dratt i gong i Hordaland. Vi skal vere ferdig med prosjektarbeid knytt til dette i mai 2015. Vi håper gjennom dette å få tatt tak i fleire av dei punkta som revisor kommenterer.

2. Inntektsføring og interne rutinar

Revisjonen har avdekket manglar i faktureringsrutinane etter kontroll hjå SFO og på legekantoret. Økonomikontoret har ikkje kommentarar til dei funn som vart gjort og som er påpeika i revisjonsrapporten. Vi har og sett at det ikkje er gode nok rutinar på området, og vi har i vårt arbeid med internkontrollrutinane vurdert dette som et viktig område å ta tak i.

Det er tenesteområdeleiar sitt ansvar å sørge for at kommunen får dei inntekter dei skal ha på sitt område. Økonomikontoret si rolle er å sørge for at faktureringa faktisk skjer, og at det er gode rutinar i dette arbeidet.

Vi vil gjere følgjande:

- Dokumentere alle område der vi yter tenester eller leverer produkt, og som skal fakturerast tenestebrukar eller produktmottakar.
- Tydeleggjere ansvarlege for kvart fakuraområde og kven som skal utføre faktureringa.
- Sette krav til dokumentasjon av faktura og innhaldet i fakturadokument
- Sikre rett momshandsaming
- Sikre at vi gjer forskjell på refusjonskrav og faktura
- Sørge for at desse rutinane er tilstrekkeleg kjend i organisasjonen
- Følgje opp månadleg at fakturering er utført og avstemt.

3. Fakturering frå legekantora og avstemming av Merlin betalingsystem

Det vert påpeika ein differanse på kr 18.000,- mellom Merlin betalingsystem og journalsystemet som legane bruker for å lage fakturagrunnlag. Avviket er positivt, dvs. vi har meir pengar som er overført banken enn det som er inntektsført basert på rapportane i Merlin. Økonomikontoret har allereie arbeidd mykje med denne saka, og avdekka noko av årsaken til avvika som er oppstått. Vi har og lagt om avstemmingsrutinane, men det er fortsatt feil vi ikkje finn ut av.

Truleg er det og rutinefeil i det som vert registrert inn i dei aktuelle fagsystema.

Det vert gjort ukentlege oppgjer og avstemmingar.

Økonomikontoret vil ta tak i saken, og saman med legane gå gjennom registreringsrutinane deira i detalj for å prøve og avdekke kor feilen ligg. Avviket er typisk på 200 – 500 kr pr veke.

4. Avstemming løn

Avstemme løn vil seie å kontrollere at alle transaksjonar i lønn er ført rett i rekneskapen, og at alle totalsummar når det gjeld utbetalt løn og lønsberekningar i løpet av året er korrekte. Revisor påpeiker at dette ikkje er gjort gjennom året.

Grunna omleggingane av løn i løpet av 2014 omtalt i punkt 1 er det ikkje gjort løpande avstemmingar slik vi både har rutinar for, og som vi både vil og skal gjere. Når Lindås kommune hadde ansvar for lønsrekneskapen og lønskøytingane vart det ikkje føreteke lønsavstemming.

Når vi så tok over lønsarbeidet igjen, måtte ny lønsmedarbeidar lære seg systema vår, lære seg våre rutinar, samstundes som ho starta med eit lønssystem som ikkje var avstemt på fleire månadar. Vi låg og på etterskot med registrering og oppfølging av sjukepengerefusjon. Vi prioriterte arbeidet med å komme ajour med dette framfor å gå i gang med lønsavstemmingar. Vi har nemleg direkte tap av inntekter om vi ikkje får registrert sjukemeldingane tidsnok og på rette måten. Vi har og leigd inn hjelp frå ein av nabokommunane for å komme i mål med sjukepengearbeidet, og for at den nye lønsansvarlege skal få tilstrekkeleg opplæring i desse rutinane.

Vi har i årsoppgjeret for 2014 gjort avstemming for året under eitt, og er nå i 2015 i gong med løpande månadlege avstemmingar slik revisor påpeiker det skal gjerast.

5. Inntekter Sjukeheimen og Heimetenestene

Revisor påpeiker stort budsjettavvik under helse og omsorg i 2014 med høgare inntekter enn budsjettet. Dei har ikkje fått fullgod forklaring på dette. Teneste 2530 er Meland Sjukeheim og 2540 er Heimetenestrene.

Økonomikontoret har grunna sjukdom på sentral medarbeidar i sluttfasen av årsoppgjeret ikkje vore i stand til å sjekke ut desse forholda. Vi klarer det heller ikkje til møtet den 10. april, men kan til formannskapet sin handsaming av rekneskapen sørge for at dette er gjennomgått med revisjonen.

6. Bankkontoar utanom rekneskapen

Revisjonen påpeiker at det er nokre bankkontoar som kommunen står som eigar av, som ikkje er med i kommunerekneskapen. Dei har påpeika dette og i tidlegare revisjonsrapportar, men forholda er ikkje retta opp.

Saka gjeld bankkontorar som t.d. er brukt til klassesettur på skulane, pengar til diverse sosiale tiltak mellom dei tilsette, etc. Det er ikkje snakk om store pengar. Omlegging av rutinane i bankane for nokre år sida kravde at eigarskapen av desse kontoane i stor grad vart overført frå privatpersonar til kommunen, utan at vi på kommunekontoret fekk informasjon eller oversyn over dette. Det kan og vere kontoar med privatpersonar som aktive brukar, men med kommunen som formell eigar, utan at dette tydeleg nok kjem fram på tilgjengeleg kontoinformasjon som til dømes kontoutskriftene. Vi har gjeve revisjonen tilbakemelding om at dette skal vi ha ordna i løpet av 2015.

7. Aksjefond

Revisjonen påpeiker at kommunen bør vurdere om det er tilstrekkeleg avkasting i forhold til risiko som ein tar med dei plasseringane som kommunen har i aksjefond.

Vi har som intensjon å legge fram eit nytt oppdatert finansreglement til handsaming for formannskapet i april, der mellom anna plassering i fond vert omtala. Økonomisjefen er elles av den oppfatning at plasseringa av midlane i fond har tilstrekkeleg sikkerhet i forhold til den meiravkastninga som har ein har oppnådd. Ingen av dei plasseringane er plassering i aksjar. Alt er i ulike rentepapir.

8. Mva-kompensasjon

Revisjonen viser til tidlegare sak om dette frå 2012. Vi har i tillegg som nemnd i pkt 1 hatt eit betydeleg arbeid med denne saka i 2014 i samband med moms kontrollen frå Skatt Vest. Alle ansvarlege medarbeidarar på økonomi som kjende til saka er slutta etter 2012, og vi nye har nok ikkje sett kor strengt skattemyndighetene tolkar det regelverket som her ligg føre før vi sjølve vart involvert i kontrollen frå Skatt Vest våren 2014.

Regelverket er slik at skal vi kunne få momskompensasjon for investering, drift og vedlikehald av kommunale bustader skal dette vere bustader med spesiell tilrettelegging for t.d. funksjonshemming.

Det må dokumenterast i tildelingsvedtaket at den aktuelle brukar faktisk har trong for tilrettelegging av bustaden. Tildeling som følgje av sosiale behov gjev ikkje rett til kompensasjon.

Vi kan heller ikkje bruke bustader med og utan kompensasjon om kvar andre. Bruker vi ein tilrettelagt bustad med momskomp. til ein brukar som ikkje har trong for dette, misser vi retten til kompensasjon for denne bustaden for all framtid. Det kan og ha tilbakeverkande effekt.

Vi har inntil no krevd momskompensasjon for alle bustader, og vi har ikkje gjort tilstrekkeleg skilje mellom bustadane og brukargruppene som kan tildelast kvar type bustad. Vi har heller ikkje gjort vedtak som gjev god nok dokumentasjon av brukaren sitt behov for tilrettelagt bustad (med momskompensasjon). Denne type vedtak er det heimetenestene som skal gjere i samarbeid med bustadansvarleg på PUK (Plan, Utbygging og Komm teknikk). Fleire andre tenesteområder er og involvert i dette sakskomplekset, mellom anna NAV.

Vi har etter moms kontrollen tilbakebetalt ein god del i momsrefusjon vi har motteke knytta til drifta av bustader der vi ikkje har rett på momskompensasjon. Løysing av denne saka krev involvering av fleire tenesteområder, men økonomikontoret og rådmann må initiere ein prosess med omlegging av rutinar og prosedyrar i dei aktuelle tenestene. Særleg viktig er det med auke av vedtaks-kompetansen i heimetenesta.

9. Kapitalkonto

Revisor påpeiker eit avvik frå 2010 på kr 351.993 på kapitalkonto. Økonomikontoret gjorde under årsoppgjeret for 2013 (våren 2014) ei rad korreksjonar av feil i anleggsrekneskapen, og vi brukte og ein del tid på å finne ut av denne feilen på kapitalkonto frå 2010, utan å finne ut av det.

Under årsoppgjeret i år har vi ikkje hatt ressursar til å arbeide med denne saka.

For å finne feilen må vi i praksis gjere årsoppgjerarbeidet for 2010 som gjeld kapitalkonto, lån investeringar, pensjon m.m. på nytt. Dette må gjerast basert på arkiverte data som vi ikkje veit kvaliteten på. Det kan difor krevje ein del arbeid.

10. Presentasjon av årsmelding og årsrekneskap

Revisor påpeiker forskjell mellom oppstillingane i årsrekneskapen og årsmeldinga, og meiner vi må sørge for at desse vert like/avstemte. Årsaka til at det vert slik er regelverket for oppstilling av 1A og 1B, og at vi meiner dette gjer eit lite oversiktleg rekneskap for interne føremål.

Regelverket inneber at dei fleste (men ikkje alle) inntektene skal vere i 1A, medan utgiftene kjem i 1B. Vi ynskjer i årsmeldinga å vise tydeleg internrekneskapen med resultat for kvart tenesteområde, slik vi er organisert, med alle inntekter og utgifter knytt saman. Dermed er det tydeleg kva den einskilde leiar er ansvarleg for, og kva resultat han har oppnådd. Det er og det vi meiner forklaringane skal basere seg på.

Vi er derfor ikkje einige i revisor si tilråding om at tabellane i årsrekneskapen vert nytta som grunnlag for kommentarane i årsmeldinga. Vi vil heller i årsmeldinga lage eit kapittel der vi viser rekneskapen slik han er i årsrekneskapen, og forklarar avviket til internrekneskapen, for så å komme fram til oppstillinga vi vil gje forklaring på. Vi tek med oppstillingane nedanfor for å vise forskjellane.

Tala frå årsrekneskapen 2014:

Rekneskapsskjema 1A - drift	Regnsk. 2014	Reg. bud. 2014	Oppr.bud. 2014	Regnsk. 2013
Skatt på inntekt og formue	160 909	165 800	169 200	160 999
Ordinært rammetilskot	203 770	200 400	200 800	186 378
Skatt på eigedom	23 631	23 400	22 900	15 942
Andre generelle statstilskot	8 951	9 956	9 956	10 085
Sum frie disponible inntekter	397 261	399 556	402 856	373 404
Renteinntekter og utbyte	15 780	18 373	18 373	12 992
Gevinst finansielle instrument (omløpsmiddel)	446	-	-	302
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	10 681	12 771	12 771	14 767
Avdrag på lån	13 480	16 083	16 083	13 171
Netto finansinntekter og utgifter	-7 934	-10 481	-10 481	-14 643
Til dekking av tidligare reknesk.messig meirforbruk	-	-	13 800	18 073
Til ubundne avsetninger	14 825	11 818	-	3 007
Til bundne avsetninger	3 557	1 406	1 406	5 218
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	3 007	-	-	-
Bruk av bundne avsetningar	4 417	4 060	4 060	1 488
Netto avsetninger	-10 959	-9 164	-11 146	-24 810
Overført til investeringsrekneskapen	148	-	-	5 092
Til fordeling drift	378 221	379 911	381 229	331 866
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	375 122	379 911	381 229	328 859
Regneskapsmessig meir/mindreforbruk	3 099	-	-	-0

Rådmann sin administrative fordeling av driftsrammer på tenesteområda	Regnsk. 2014	Reg. bud. 2014	Oppr.bud. 2014	Regnsk. 2013
10 - Politikk/Rådmannskontor	14 607	14 824	20 200	13 546
11 - Økonomikontor	8 066	8 148	8 000	6 807
12 - Økonomi/Finans	-8 564	-8 921	-8 921	918
13 - IKT og andre Interkomm. samarbeid	12 492	12 700	12 700	5 472
14 - Rådjevartenesta ekskl. private barneh.	9 034	9 274	9 200	8 569
15 - Private barnehagar (tilskot og adm)	75 392	70 819	72 900	52 292
20 - Kommunal Barnehagedrift	10 724	11 213	11 400	12 189
21 - Grasdal skule	9 682	9 729	9 000	9 373
23 - Meland Ungdomsskule	14 913	16 264	15 900	15 687
24 - Røssland skule	21 730	21 581	21 100	21 240
25 - Sagstad skule	23 741	24 388	23 800	23 281
26 - Vestbygd skule	13 608	13 529	13 200	13 330
30 - Helse	28 143	29 795	29 300	26 089
35 - Sosiale tenester	17 220	19 107	18 990	15 625
36 - Barnevern	7 805	9 032	8 900	9 480
37 - Meland Sjukeheim	32 153	33 387	32 540	29 273
38 - Meland heimetenester	49 994	49 306	48 160	45 645
50 - Kulturkontor	6 361	7 026	6 600	5 761
60 - PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	28 021	28 710	28 260	14 283
Sum drift for overføring til rekn.sk.skjema 1 A:	375 122	379 911	381 229	328 859

Tala frå årsmeldinga 2014:

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2014	Regnsk. 2014	Budsj. 2014 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2013	Auke 13-14	Auke 13-14 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	394 389	393 500	889	0,2 %	359 006	35 383	9,9 %
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	379 472	381 682	2 210	0,6 %	337 926	41 546	12,3 %
Resultat før inndekning og avsetninger	14 917	11 818	3 099		21 080	-6 163	
Inndekking av tidlegare års meirforbruk					18 073		
Avsetning til disposisjonsfond:	11 818	11 818	0				
Rekneskapsmessig mindreforbr.	3 099		3 099		3 007		
Sum overskot:	14 917	11 818	3 099		21 080		

tal i heile 1 000 kr

Spes. av netto innt. økonomi og finans	Reknsk. 2014	Bud. reg. 2014	Avvik	Oppr. bud. 2014	Reknsk. 2013	Endr 2013 2014	Endr i %
Skatt	160 909	165 800	-4 891	169 200	160 999	-90	-0,1 %
Rammetilskot	185 025	184 700	325	184 700	173 426	11 599	6,7 %
Innt. utjamning	18 745	15 700	3 045	16 100	12 952	5 793	44,7 %
Sum skatt og rammetilsk.	364 679	366 200	-1 521	370 000	347 377	17 302	5,0 %
Avdrag	-13 509	-16 083	2 574	-16 083	-13 171	-338	2,6 %
Avskrivningar	-12 857	-12 295	-562	-12 295	-12 248	-609	5,0 %
Kalk. avskr. komm. bygg	2 300	2 300	-	2 300	2 300	-	0,0 %
Motpost avskr.	18 971	19 061	-90	19 061	18 245	726	4,0 %
Netto avskrivningar	8 414	9 066	-652	9 066	8 297	117	1,4 %
Renteutgifter	-10 638	-10 496	-142	-10 496	-11 712	1 074	-9,2 %
Rentekomp.	2 287	2 460	-173	2 460	2 244	43	1,9 %
Kalk. renter selvkostomr.	3 330	3 000	330	3 000	3 045	285	9,4 %
Bygglånsrenter invest.		725	-725	725	1 291	-1 291	
Renter utlån	1 037	1 073	-36	1 073	1 103	-66	-6,0 %
Renteinntekter	1 904	1 300	604	1 300	1 769	135	7,6 %
Diverse rentepostar	-2 080	-1 938	-142	-1 938	-2 260	180	-8,0 %
Eigedomsskatt	23 631	23 400	231	22 900	15 942	7 689	48,2 %
Utbytte	13 086	13 000	86	13 000	6 086	7 000	115,0 %
Div utgifter og inntekter	168	-145	313	-145	-115	283	
Tap på fordring					-1 608	1 608	
Premieavvik					-1 542	1 542	
Sum andre postar	36 885	36 255	630	35 755	18 763	18 122	96,6 %
Sum økonomi og finans	394 389	393 500	889	396 800	359 006	35 383	9,9 %

Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2014	Budsj. 2014 (rev)	Awik	Avvik i %	Regnsk. 2013	Auke 13-14	Auke 13-14 i %
Adm. stab rådmann og politiske utval	14 602	14 824	222	1,5 %	13 481	1 121	8,3 %
Økonomikontor	8 078	8 148	70	0,9 %	6 807	1 271	18,7 %
Interkommunalt samarbeid: IKT	6 691	6 800	109	1,6 %	5 512	1 179	21,4 %
Interkommunalt samarbeid: Brannvern	5 804	5 900	96	1,6 %	5 625	179	3,2 %
Rådjevartenesta	9 189	9 274	85	0,9 %	8 425	764	9,1 %
Private barnehagar (tilskot og adm.)	75 398	70 819	-4 579	-6,5 %	52 292	23 106	44,2 %
Læring og utvikling	10 724	11 213	489	4,4 %	12 189	-1 465	-12,0 %
Grasdøl skule	9 643	9 729	86	0,9 %	9 373	270	2,9 %
Meland Ungdomsskule	14 912	16 264	1 352	8,3 %	15 687	-775	-4,9 %
Rosslund skule	21 728	21 581	-147	-0,7 %	21 240	488	2,3 %
Sagstad skule	23 915	24 388	473	1,9 %	23 281	634	2,7 %
Vestbygd skule	13 640	13 529	-111	-0,8 %	13 330	310	2,3 %
Helse	28 793	29 795	1 002	3,4 %	26 383	2 410	9,1 %
Sosiale tenester / NAV	12 172	13 017	845	6,5 %	10 518	1 654	15,7 %
Barnvern	7 593	9 032	1 439	15,9 %	9 683	-2 090	-21,6 %
Meland sjukeheim	32 163	33 387	1 224	3,7 %	28 963	3 200	11,0 %
Meland heimeteneste	49 982	49 306	-676	-1,4 %	45 645	4 337	9,5 %
Kultur	6 637	7 026	389	5,5 %	5 996	641	10,7 %
Plan, Utbygging og kom.teknikk (PUK)	27 808	27 650	-158	-0,6 %	23 496	4 312	18,4 %
Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann	379 472	381 682	2 210	0,6 %	337 926	41 546	12,3 %

Interk. samarbeid - Brannvern var i 2013 bokført som del av Plan, Utbygg. og kom.tekn. (PUK), men er i oppstillinga over flytta til eige linje der det er bokført i 2014.

Siste del av dette punktet om årsmelding og årsrekneskap omhandlar korleis vi bør presentere oppstillinga 1B i forhold til kva som er kommunestyret sitt faktiske budsjettvedtak. 1B er ei lovpålagt oppstilling som skal vise korleis budsjettvedtaket er splitta opp. I Meland vedtek politikarane ei ramme for alle tenesteområda, og 1B skal då innehalde berre ei linje.

Vi ynskjer likevel å opplyse om korleis ramma er fordelt administrativt. Dette er forklart med 2 ulike tabellar i årsmeldinga, og i siste utkast er det og gjort endring i årsrekneskapen for å gjøre oppstillinga der meir i tråd med korleis revisor meiner det bør vere.

11. Årsavslutning og dokumentasjon

Revisor påpeiker det på ein del område er avstemmingsdifferansar som ikkje er avklart innan fristen for rapportering, og at det kan vere ein risiko for feil i rekneskapen. Revisor meiner likevel desse ikkje er vesentlege.

Økonomisjefen beklagar at arbeidet med årsavstemming ikkje er så ferdig som det burde ha vore. Vi meiner likevel som revisor at den framlagte rekneskapen er korrekt og at eventuelle avvik som skuldast slike forhold ikkje vil vere vesentlege. Dette som følgje av ei konkret vurdering av kor store dei mogelege avvik og avstemmingsdifferansar er eller kan vere.